



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref
17/2739 TS-Pab

Vår ref
17/5075-7

Dato
20. desember 2017

Høyring om regulering av mellomvere med statstassa og rekneskapsføring av refusjonar mellom statlege verksemder

Vi viser til høyringsbrev frå 30. oktober. Nedanfor følgjer tilbakemelding frå Kunnskapsdepartementet på dei høyringsspora der vi har merknader. Høyringssvaret byggjer på fråsegner vi har fått inn frå Kompetanse Norge, Noregs forskingsråd og Statens lånekasse for utdanning. Desse fråsegne følgjer vedlagt.

Problemstilling 1 Forskotsinnbetalingar

Framlegget om at mottekne forskotsinnbetalingar kan førast som del av mellomveret er avgrensa til innbetalingar frå kjelder utanfor statsforvaltninga. Høyringsspora 2 tek opp om det bør vurderast om eit slikt unntak også bør gjelde for midlar mottekne frå Noregs forskingsråd. Forskingsrådet opplyser at dei betaler ut midlar til somme bruttobudsjetterte verksemder, og at det difor er bruk for eit unntak som gjer at desse verksemdene kan føre innbetalingane frå Forskingsrådet mot mellomvere.

Problemstilling 2 Pensjonspremie til SPK

Kunnskapsdepartementet er samd i at det er mest tenleg at alle verksemdene følgjer same metoden for rekneskapsføring av pensjonspremie, og at ordninga i rundskriv R-118 difor bør gjerast gjeldande også for dei verksemdene som allereie betalte pensjonspremie til SPK før den forenkla premieordninga kom i 2017. Av verksemdene under Kunnskapsdepartementet gjeld dette Statens lånekasse for utdanning. Lånekassa opplyser at det ikkje trengst særskilde tilpassingar for dei i samband med oppdatering av retningslinene.

Postadresse
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse
Kirkeg. 18
www.kd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
872 417 842

Avdeling
Administrasjons- og
økonomiavdelinga

Saksbehandlar
Sveinung Helgheim
22 24 76 64

Problemstilling 3 Omtale i regelverket av mellomvere med statskassa

Kunnskapsdepartementet er samd i at det bør setjast opp eit oversyn over kva som kan vere med i mellomveret med statskassa.

Problemstilling 4 – Oversyn over unntak frå kontantprinsippet

Kunnskapsdepartementet er samd i at det bør setjast opp eit oversyn unntak frå kontantprinsippet som gjer at det blir føringar mot mellomvere. Eitt av dei unntaka DFØ har kartlagt, gjeld vårt område. Det er unntak nr. 4 om føring av innbetalingar frå Konverteringsfondet i Lånekassa. Dette er ein årviss operasjon, og difor eit aktuelt unntak. Vi har ingen suppleringar til omtalen av denne ordninga.

Kunnskapsdepartementet har gjennom eigne undersøkingar og førespurnader til underliggjande verksemder ikkje kartlagt andre ordningar på vårt område som bør vere med i ei samla liste over unntak.

Problemstilling 5 Refusjonar ved deling av utgifter

Kunnskapsdepartementet meiner at den presiseringa Finansdepartementet gjer framlegg om, er god og nyttig.

Med helsing

Karl Georg Øhrn (e.f.)
avdelingsdirektør

Sveinung Helgheim
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar